



FITJAR

Taksering av hytter/fritidseigedommar:

Takstnemnda har laga eit eige system for verdsetjing av hytter/fritidseigedommar:

Hytter er i utgangspunkt taksert med kr. 12.000 pr kvadratmeter (faktor 1,5), som utgangspunkt for bruk av alle andre faktorar.

Hytter som er bygt 1979 eller tidlegare får ein reduksjon i indre faktor slik at grunnsatsen tilsvarer om lag kr. 8.000 pr kvm. Då indre faktor omfattar alle bygningar på eigedommen (men ikkje tomteverdi), og dermed omfattar naust, anneks m.v, samt evt. hytte nr 2, 3 osv, blir dette utrekna med ein grov gjennomsnittleg (reduksjons-) faktor basert på alder på bygningane. Ei eldre hytte med nyare naust eller anneks får t.d. faktor 0,75, to hytter, der ei er eldre enn 30 år og ei yngre, får snitt 0,85, osv. Dette er vurdert for kvar eigedom.

Hytter som ligg mindre enn 25 meter frå sjø, får tillegg med ytre faktor 1,5.

Hytter som ligg mindre enn 100 meter frå sjø, får tillegg med ytre faktor 1,2.

For Strando frå Levåg (GNR 79) og sørover er desse faktorane sette til 1,3 og 1,1, ut frå at eigedommane stort sett er nord- eller austvendte (sol), ikkje har "skjergard", og dermed har mindre marknadsvardi.

Eigedommar som omfattar eigne holmar/øyar får ytre faktor 2,0, med unntak av ein eigedom, som er vurdert etter skjøn.

Nokre hytter har fått redusert ytre faktor, på grunnlag av særlege tilhøve med eigedommen.

Ein del nyare eigedommar i byggjefelta i Kråko er konkret vurderte ut frå registrert omsetningsverdi. Dei fleste fylgjer hovudreglane. Nokre har fått påslag i faktor, nokre har fått redusert faktor etter skjøn, for å gje ca 70 % av omsetningsverdi.

Fitjar kommune

1 juli 2009.